

Protokoll – ekstraordinær generalforsamling i Sørvest Bomvegselskap AS

Den 3.7.2017 kl. 09.35 – 11.15 vart det halde ekstraordinær generalforsamling i Sørvest Bomvegselskap AS, på Clarion Bergen Airport Hotel, Flesland, Bergen.

Det låg føre slik dagsorden:

1. Opning av møtet ved styreleiar Paul M. Nilsen, med føring av møtande/deltakande aksjeeigarar.
 2. Val av møteleiar og protokollunderskrivarar.
 3. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
 4. Kjøp av BT Signaal AS
 5. Styrehonorar 2016
-

1. Opning av møtet ved styreleiar Paul M. Nilsen, med føring av møtande/deltakande aksjeeigarar.

Styreleiar opna møtet og opptok nedteiking over møtande aksjeeigarar
Til stades var:

Eigar	Møtande	Aksjar
Aust Agder fylkeskommune	Tellef Inge Mørland	100
Hordaland fylkeskommune	Pål Kårbø	100
Rogaland fylkeskommune	Solveig Ege Tengesdal	100
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Jenny Følling	100
Vest Agder fylkeskommune	Terje Damman	100

2. Val av møteleiar og protokollunderskrivarar (minst ein person i tillegg til møteleder)

Paul M. Nilsen vart samråystes valt som møteleiar.

Til å underteikna protokollen saman med møteleiaren vart Pål Kårbø valt.

3. Godkjenning av innkalling og dagsorden

Det var ingen merknader til innkallinga og dagsorden. Tellef Inge Mørland bad om ei orientering om Aust Agder Bomdrift. Den vart gjeve i samband med handsaminga av sak 00472017 Generalforsamlinga vart erklært for lovleg satt

4. Kjøp av BT Signaal AS

Generalforsamlinga handsama sak 4, «Kjøp av BT Signaal AS». Ordlyden i forslaget til vedtak, sendt ut i innkallinga, vart i mail 30.6 noko justert. Dette justerte framlegget til vedtak vart fremma som forslag til vedtak. Eit vedtakspunkt 2 vart fremma av Jenny Følling, Pål Kårbo, Tellef Inge Mørland og Solveig Ege Tengesdal.

Generalforsamlinga gjorde slikt vedtak:

1. Generalforsamlingen i Sørvest Bompavegselskap AS godkjenner "Avtale om overdragelse av aksjer i BT Signaal AS" daterd 29. mai 2017. Godkjennelsen forutsetter at Samferdselsdepartementet godkjenner kjøp og innfusjonering av BT Signaal AS i SBS på vilkår som innebærer at SBS etter gjennomføringen kan inngå bompengeavtale med Samferdselsdepartementet. Generalforsamlingen er innforstått med at det av hensyn til godkjennelse fra Samferdselsdepartementet kan være nødvendig å skille ut fergevirksomheten fra BT Signaal AS. Styret gis i den forbindelse fullmakt til, innenfor kjøpesummen på NOK 88 000 000, å gjennomføre tilpasninger/endringer i nevnte aksjekjøpsavtale, som er nødvendig for kunne skille ut fergevirksomheten i BT Signaal AS fra transaksjonen, herunder inngå endringsavtale som innebærer at bompengevirksomheten skal overtas gjennom fusjon skilles ut i et eget selskap som overdras til SBS.

2. Generalforsamlingen godkjenner at kjøpet lånefinansieres med garantier fra eierne. Det forventes at Vest-Agder fylkeskommune behandler garantisaken på nytt senest i oktober 2017.

Vedtaket vart gjort med 4 røyster (mot 1 røyst, Terje Damman).

5. Styrehonorar 2016

Generalforsamlinga handsama sak 5 «Styrehonorar 2016» og godkjente slikt styrehonorar for 2016:


Styreleiar kr. 20 000

Nestleiar kr. 15 000


Styremedlem kr. 10 000

Styrehonorara vart vedteke samrøystes.

Generalforsamlinga vart heva kl. 11.15



Underskrift av møteleiar



Underskrift av protokollunderskrivar